

Uttale frå personalet ved Valen og Handeland gard som vedkjem eventuelt sal av garden.

Utvikling av praktisk pedagogiske tilbod til ulike brukargrupper, særleg ungdom, på Valen og Handeland gard.

Valen og Handeland gard er eigd og driven av Hordaland fylkeskommune. Som personale på garden er me kjent med at fylkeskommunen førebur politisk handsaming av ei sak som eventuelt kan medføra sal av garden.

Under kjem ei kort framstilling av garden sin historie og personalet si haldning til den aktuelle saka.

Historie

- 1908 – Søndre Bergenhus amt kjøper Nordre Valen gard og etablerar Valen asyl, som blir opna i 1910. Garden skulle skaffa hushald (mat) til pasientar og personale ved asylet, og gje arbeidsaktivitetar til pasientane. Ein annan vesentleg grunn til at asylet vart plassert på Valen var at ein kunne bygge kraftverk her. Det vart også sett i produksjon i 1910.
- 1921 – Handeland gard blir kjøpt av Ulrik Tømøe og teken i bruk som koloni under asylet.
- 1934 – Søre Valen gard blir kjøpt av Axel Undahl. Dermed hadde Valen sjukehus samla det som ein i dag kjenner som Valen og Handeland gard.
- 1939 – Nytt kraftverk med større fallhøgde vart teke i bruk.
- 1952 – Ny driftsbygning som samla heile dyreholdet på garden vart teken i bruk, den same som vert brukt i dag.
- 2002 – Sjukehusdrifta blir skilt ut som statleg føretak, og Valen og Handeland gard blir driven vidare av Hordaland fylkeskommune. Samarbeidet mellom sjukehus og gard blir vidareført gjennom skriftlege avtalar, og fungerer framleis godt på mange områder.

Dagens drift

- Dagens drift er basert på storfehold med mjølkeproduksjon (kvote ca. 246 000 l) og kjøtproduksjon, samt nokre sauer. Heile det dyrka arealet og innmarksbeite er i bruk til dette føremålet. I tillegg blir det teke ut tømmer og ved, og det blir dyrka ein del julatre på marginale områder.

Lærlingar

- Sidan 1997 og fram til 2011 har Valen og Handeland gard i samarbeid med Kvinnherad kommune utdanna fem lærlingar innan skogsarbeidarfaget og skogsoperatørfaget.

Vidare drift i fylkeskommunal regi – utvikling av nye tilbod

- Personalet ved Valen og Handeland gard meiner at fylkeskommunen ikkje må selja garden, men driva den vidare slik at ein kan vidareutvikla praktisk pedagogiske tilbod knytt til landbruk, skogbruk, utmark, bygg/vedlikehald, teknisk vedlikehald m.m. **Desse tilboda må særleg rettast mot ungdom som ikkje klarar å gjennomføra vidaregåande opplæring på vanleg måte (fråfallsproblematikk).** Dette ligg inn under fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Andre målgrupper er også aktuelle som

t.d: ungdom utan jobb eller skuletilknytning, brukarar med rus/psykiatriproblematikk, langtidsledige personar m.fl.

- Ei variert gardsdrift inneber ein unik moglegheit til å tilby differensierte aktivitetar av ulike vanskegradar, som ein ikkje finn i like stort monn på andre arbeidsplassar.

Samarbeid

- Valen og Handeland gard har i dag eit godt samarbeid med Valen sjukehus og deira ergoterapautiske avdeling. Dei nyttar Valen og Handeland gard sine areal til mange av sine prosjekt – bla. stirydding, aktivitetsløyper, plassering av lavo, rydding av kulturlandskap m.m.
- I tillegg har Valen og Handeland gard gjennom det siste året innleia samarbeid med fleire andre for å utvikla nye fleksible brukarretta tilbod: **Valekrossen skule, Kvinnherad vidaregåande skule, Nav – Kvinnherad og kommunalt hjelpeapparat/verksemder.**
- Særleg viktig har samarbeidet med Valekrossen skule vore. Valekrossen skule er lokalisert på Valen sjukehus og er ein underavdeling av Kvinnherad vidaregåande skule. Dei gjev undervisningstilbod til personar som treng særleg tilrettelagd undervisning. I samarbeid har Valekrossen skule og Valen og Handeland gard utarbeida forslag til kombinerte teoretiske og praktiske tilbod til ulike brukargrupper. **Dette samarbeidet har allereie bore frukter. Vi samarbeidar om ein elev som får teoretisk undervisning ved skulen og eit praktisk tilbod på Valen og Handeland gard. Og behovet er stadig aukande for denne typen tiltak som vert retta mot ungdom som fell ut av det ordinære skuletilbodet.**
- Nærleiken til Folgefonn DPS vil og vera ein ressurs i høve til ulike framtidige brukargrupper.

Mål for tilboda

- Det er eit viktig mål å tilrettelegga for fleksible, varierte og individuelt tilpassa tilbod.
- Kombinasjon av praksis og teori i samarbeid med Valekrossen skule og eller Kvinnherad vidaregåande skule, eller reine praktiske opplegg.
- Det er viktig at den eller dei tilboda er retta mot skal oppleve tilboda som meningsfulle, utviklande og at ein skal kunna erfare meistring, og samstundes kunne få både real og formalkompetanse og auka sosial dugleik.

Ressursar og kompetanse

- Garden har eit personale på fire personar med god kompetanse og erfaring innan landbruk/skogbruk, men også kunnskap og erfaring frå bygg og anlegg.
- Eit svært positivt personale med vilje og motivasjon til å utvikla tilrettelagde aktivitetar.
- Valen og Handeland gard har lang erfaring med å tilrettelegga tilbod for personar med ulike behov, erfaringar og meistringsgrad, og vil nytta denne erfaringa i eit vidare arbeid.

Ei oppmoding til slutt – Tenk grundig gjennom om ein har ”råd” til å selja ein så viktig ressurs!

For personalet ved Valen og Handeland gard – Jarle Mehammer